



Sogn og Fjordane fylkeskommune

Anbod på regionale ruteflyginger i Sør-Norge frå 1. april 2016 - innspel

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og har følgjande innspel til utforming av anbodet:

Arbeidet med å utvikla Sogndal lufthamn Haukåsen har vore eit prioritert område for Sogn regionråd. Kommunane har saman med fylkeskommunen og Avinor bidrege med over 60 millionar for å oppgradera lufthamna. Dette var eit unikt samarbeid og viser kor viktig lufthamna er for regionen. Sogndal lufthamn er ei moderne og trygg lufthamn og står godt rusta til å møte nye utfordringar.

Sogndal lufthamn har eit omland med nærare 30 000 innbyggjarar. Området som soknar til lufthamna har fått fleire nye arbeidsplassar siste åra. Indre Sogn er vertskap for ei rekkje verksemdar med nasjonale og internasjonale interesser. Blant dei store offentlege arbeidsplassane har vi Direktoratet for forvaltning og IKT, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Fylkesmannen, fylkeskommunen, NAV, Statens vegvesen hovudkontor Region vest, Statkraft og Vestlandforskning. Blant store private verksemdar har vi Hydro, Norsun, Lerum, Avery Dennison NTP, Vik Ørsta og Veidekke. Verksemdene stiller store krav til regularitet og rutetilbodet er viktig for regionen sin utvikling.

Sogndal lufthamn har hatt ei positiv utvikling over fleire år. Passasjerveksten (utan transfer) var 15,7 % i 2012 og 6,6% i 2013. I perioden 2009-2013 har talet på passasjerar (ut/inn Sogndal) auka med 14 500. Det har vore ei kraftig auke i talet på passasjerar som reiser med morgonflyet om Bergen for å kome til Oslo. Vi erfarer at betra tilbod gir passasjervekst. For fleire av avgangane er det setekapasiteten som avgrensar vidare trafikkvekst. Morgonavgangane til Oslo vert ofte tidleg fulltinga. Dette gjer at mange reisande vert avviste, eller må velja mindre gunstige reisetidspunkt. For næringsliv og offentleg verksemd er det svært viktig å betra kapasiteten. Auka kapasitet må koma morgon/kveld når det er mangel på plassar.

Sogn regionråd meiner passasjerauken og behovet for betra regularitet tilseier eit nattstasjonert fly på Sogndal lufthamn, og nattstasjonert fly bør gå fram av anbodsgrunnlaget. Det er også behov for ein flyavgang frå Bergen på ettermiddagen ca kl 17. Dette vil redusera ventetida for reisande frå Stavanger/Bergen.

Forholda ligg til rette for forlenga rullebane til 1199 meter. Ei forlenging vil gjera det mogleg for andre flytypar å trafikera lufthamna og fleire vil konkurrera om anbodet.

I TØI-rapporten går det fram at behovet for subsidiar har gått ned siste åra og ligg no på om lag kr 300 pr passasjer for Sogndal. Avinor viser til at 50-sete fly på Sogndal har ein positiv samfunnsøkonomiske nytte på nesten kr 400 mill. FOT-tilskotet kan reduserast med omlag kr 27 mill. per år, hovudsakleg fordi det er forutsatt lågare rutedriftkostnader som følge av skjerpa konkurranse (Avinor, 2012). Forlenga rullebane kostar kr 103 mill. (Norconsult, 2011).

Sogn regionråd meiner følgjande må leggjast til grunn ved utforming av anbudsgrunnlaget:

1. Behovet for tal sete og lufthamna si beliggenheit tilseier eit nattstasjonert fly på Sogndal lufthamn Haukåsen
2. Rutetider til og frå Oslo er tilfredsstillande. Det er ikkje behov for endringar av rutetilbodet for morgonflyet (kl 0730) og tidleg kveldsfly (kl 1820)
3. Det bør vera minst fire direkteflygingar til/frå Oslo måndag-fredag
4. Rutetilbodet til og frå Bergen for morgon- og kveldsflyet er tilfredsstillande. Vi ønskjer i tillegg ein flyavgang frå Bergen på ettermiddagen ca kl 17.

Med helsing

Harald N. Offerdal
leiar i Sogn regionråd

Ivar Kvalen
leiar i samferdslegruppa

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift